

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim

# SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM

Eit møte med  
påskebodskapen  
i bilete, tonar og ord.



Musikalsk ansvarlig: Hermund Rebnord  
Forsongarar, tekstlesarar og musikarar  
Palmesøndag kl. 19.00  
Austrheim kyrkje

Kyrkjebakken nr. 3 – 2023 – marsnummeret – årgang 52- nytt stoff innan 13.april



# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**  
Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**  
Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar  
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

**Redaksjonen**  
Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

**Søndag 02.april kl. 19.00**

**Palmesøndag – Sjå vi går opp til Jerusalem**

**Skjærtorsdag 06.04 kl. 11.00**

**Gudsteneste ved Rune Minde og Jostein Hauge**

**1.påskedag 09.04 kl. 11.00**

**Høgtidsgudsteneste ved Rune Minde og Jostein Hauge**

**Søndag 16.april kl. 11.00**

**Påskesongfest for heile familien**

**Onsdag 26.april kl. 11-13 – Bygdetreff på kyrkjelydshuset**

**ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?**

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1 / 4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

# Vår Gud han er så fast ei borg.

Heraklit, ein av dei gamle greske filosofane, levde på 500 talet før Kristus. Han utvikla ein filosofi som gjekk ut på at alt er i endring. «Panta Rei» er hans mest kjende læresetning. «Alt flyt» tyder det på norsk.

Heraklit eksemplifiserte dette med å seie at ein ikkje kan stige ned i same elva to gonger. Den er heile tida i endring. Det skjer heile tida noko med ei elv. Det vatnet som rann forbi i går er ikkje det same som renn forbi i dag. Ja, til og med fjella meinte han endra seg. Dette fann han ut lenge før vi i nyare tid har oppdaga at kontinentalplatene på vår vesle jord er i rørle heile tida.

Alt er i endring. I den vanskelege tida vi er blitt kasta inn i no, med både krig, jordskjelv og pandemi, kjenner mange på angst og uro for kva framtida vil bringe.

Uro for kva morgondagen vil bringe var heller ikkje noko ukjent for Jesus. Midt i ei urolege tid brettar den kristne bodskapen ut ein himmel over våre liv her på jorda. Jesus gav oss denne bodskapen: «Ver ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møte» (Matteus 6,34).

Det er ikkje alltid vi kan endre på det som hender. Noko må vi berre ta slik som det kjem. Men det vi kan endre på, er vår måte å møte dette på. Kanskje kan fastetida vere eit høve til å finne ro til å tenkje seg litt om? Prøve å finne fram til det som verkeleg er dei største verdiane vi vil ha med oss i våre liv. Kva er det som verkeleg betyr noko i det lange løp?

I ei tid der vi opplever at alt flyt, er det godt å kunne lene seg til noko som står seg gjennom alle tider. Som står fast som ei klippe.

Vår kyrkjefader Martin Luther levde det meste av sitt liv og hadde sitt virke i byen Wittenberg i Tyskland. For nokre år sidan fekk eg høve til å besøkje denne byen og sjå kyrkja der han spikra opp dei 95 tesane på døra til slottskyrkja. Det var jo denne hendinga som utløyste reformasjonen på 1500-talet. Rundt tårnet på denne slottskyrkja står det meisla inn den salmen som Luther er aller mest kjent for. «Ein feste Burg ist unser Gott» står det der høgt oppe på tårnet. Det er ein bodskap som står seg gjennom alle tider. Slik lyder starten av salmen på norsk:

Vår Gud han er så fast ei borg, han er vårt skjold og verja.  
Han hjelper oss i all den sorg og naud som vil oss herja.  
(Salme nr. 108 i salmeboka)

Ta og imot dei orda som har vore lyst over folk i fleire tusen år, som står midt i ei tid med endring:  
*Herren velsigne deg og vare deg.  
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.*

Denne andakten er ei bearbeiding/ nedkorting av ein andakt som eg fann på nettet, skrive av presten Kjell Steinbru. Eg har fått samtykke til å tilpassa den.

**Rune Minde**



# Min salme



I barndommen min på 60-talet var det helst på bedehuset det «skjedde» noko på fritida. Eg har mange gode minne både frå bedehuset på Årås og på Austrheim. Her gjekk me på søndagsskule, yngres og ulike festar – ikkje minst juletefest som eg enno kan hugse og kjenne lukta av. Og så ikkje minst ulike foreiningar sine basarar. Basarane var ei blanding av andakt, mykje song, loddsal og auksjon. Ei stund med både alvor, glede og litt skjemt.

Ein av salmane som ofte blei brukt på bedehusa var «Navnet Jesus blekner aldri». Den likte eg godt. Den hadde ein fengjande melodi som var lett å syngje, og ein tekst som var lett å forstå for eit barnesinn. For meg var det enkle budskapet i denne salmen noko som trefte meg. Melodien kjem visst nok frå Zululand, og teksten er av David Welander, ein offiser i Frelsesarmeen. Den dag i dag kjenner eg glede og nærleik til namnet Jesus når eg nynnar denne salmen. Minne frå barndommen festar seg godt.

**Kari Brügger Sætre**

Navnet Jesus blekner blekner aldri, tæres ei av tidens tann. Navnet Jesus det er evig, intet det utslette kan. Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd. Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.

**Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann. Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.**

Jesus navn hvor skjønt det klinger, la det runge over jord. Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord. For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly. Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny.

Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesus navn. Og hver hjemløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn. Og når solen ei mer skinner, Jesu-navnet lyser enn. Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen.

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



**Tysdag 10-15**

**Onsdag 14-19**

**Fredag 10-15**

**FONNES FILIAL  
STENGT**



**Fonnes filial er stengt på grunn av den pågående ombygginga av Kaland skule. Ombygginga skal vera ferdigstilt til sommaren 2023, det kjem nærare informasjon når biblioteket opnar igjen**

*Følg oss gjerne på facebook*

**God bok**



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgret.

Legevakt 116117

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-12.00 .

Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

**INGEN RESEPTBESTILLING  
MÅNDAGAR!**

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13



## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42  
56 16 21 38

Høyrskontakt i Austrheim 56 16 21 23



## Songkveld med nytt flygel

16. februar var det songkveld i kyrkja. Jostein, på piano, hadde samla musikantar frå heimbygda si. Tom Ove Lie song, og han og broren spelte gitar og bass. Janne Steinsund opptredde på slagverk.

I tillegg var den allsidige Kjell Bergsvik der med saksofon, munnspele og sag. Det var mykje flott song og musikk av desse. Den alltid flinke forsongar-gruppa gledde oss med sin song. Hanne Daae var solist på fleire songar. Rune prest leia kvelden på sin gode måte.

Dette var ein inspirerende kveld med mange tilhøyrarar. Det var eit flott høve å få presentert flygelet som er kjøpt inn til kyrkja vår. Det gamle pianoet måtte byttast ut, og me fekk tilbod om å kjøpe eit nyrestaurert flygel. Det slo me til på. Arvemidlar og støtte frå Kyrkjeprydna har bidratt til at dette kjøpet lét seg gjennomføra. Takk til Kyrkjeprydna for dette og alle bidrag til kyrkja vår. Det er veldig kjekt å ha fått eit godt flygel til Austrheimkyrkja.

## Velkommen til møter i Lervåg bedehus



**Palmesøndag 2. april**  
klokka 17. Påsken i ord og tonar med Else Linn og Mariam Myrås.

**Søndag 7. mai**  
klokka 11. Tale ved Alan Nilsson.

**Laurdag 15. april**  
klokka 14. Seminar med Annie Schaug. Pause med mat.

**Søndag 14. mai**  
klokka 11. Tale ved Geir Talberg.

**Søndag 30. april**  
klokka 11. Tale ved Daniel Heimstad.

**Søndag 18. juni**  
klokka 11. Tale ved Hans Martin Skagestad.



## ÅRÅS BEDEHUS

**Mandag 10. april. (2. Påskedag)**  
Formiddagsmøte kl 11:00 Ole Corneliusen talar.

**Onsdag 12. april kl 19:00** Bønnesamling

**Søndag 23. april,** Formiddagsmøte kl 11:00 Vegard Hetlebakke talar

**Onsdag 26. april kl 19:00** Bønnesamling

**Søndag 7. mai,** Formiddagsmøte kl 11:00 Ole Corneliusen talar

**Onsdag 10 mai kl 19:00** Bønnesamling

**Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30**  
**Ving for 4 år til 4. trinn. Annankvar torsdag 17:00-18:00**

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.



## Takke annonsar

### Takkear

for helsinga frå diakoninemnda og til Edvard som kom med den til min 80-årsdag

**Helsing Odd Gunnar Kalgraff**

### Hjertelig takk

for blomsterhilsner, vennlige ord og varme ved vår kjære datter/søster Marianne Bøyum Knudsens bortgang.

Vi i familien satte stor pris på at venner og tidligere klassekamerater tok den lange turen til Tveit kirke på Askøy for å delta i begravelsen hennes.

Vi vil og takke alle som har gitt pengegave til kreftforeningen.

**Vennlig hilsen  
Trond, Eli, Øyvind og Hilde**

### Takkear

for all omtanke, vakre blomster, hilsener og deltakelse i anledning vår kjære mor Lise Karin Langøy sin bortgang. En spesiell takk til Rune Minde, Jarle Gallefoss, Tove Kristin, hjemmesykepleien og Vatne Begravelsesbyrå.

**Hilsen May og Hege m/ fam.**

### Hjertelig takk

til diakoninemnda for helsinga i anledning min 87 års dag.

**Helsing Oskar Fønnes**

### Hjertelig takk

til Austrheim Diakoninemnd for helsing og gåve i samband med 90-årsdagen min.

**Helsing Solveig Rørtveit**

### Hjertelig takk

for all omtanke, blomsterhelsingar og deltaking ved Oddny Lerøy sin bortgang.

Stor takk til Jarle Gallefoss og personalet på Nordliheimen for god pleie og omsorg.

Takk til Nordhordland Begravelsesbyrå, solist Regine Forthun, Rune, Jostein og deler av Austrheim songlag som alle bidrog til ein fin seremoni og avskjed.

**Helsing Berit og Trine m/fam.**

## Austrheim sokn

### Gravferd

- 02.03: Nelly Karoline Krossøy f. 1928 (bisetjing)
- 10.03: Lise Karin Langøy f. 1951 (bisetjing)

### Døypte

12.mars – Samson Hopland Fure

## Diakonifest



23. februar skipa diakoninemnda til den årlege festen på Nordliheimen. I år sa heldigvis musikantane Finn Stedal og Birger Rognved ja til å vera med. Me prøvde oss på å ha

det på dagtid, og det gjekk veldig fint. Rune heldt andakt, og det var mykje allsong. Me hadde bestilt snittar hjå Knuter, og bebruarane såg ut til å kosa seg.

# Neptun Seniorklubb

inviterer bygdefolk i  
**Austrheim å delta på tur til  
Ulvik og Norheimsund.**

Turen startar med buss fra  
Mastrevik torg den 12. juni,  
heimreise den 13. juni.  
Overnatting på hotell i Ulvik.  
Program for turen blir besøk på  
Syse gård, der vil det bli servert  
lunsj og tilbod om sidersmaking.

**Dag to:** Omvisning på  
Fartøyvernssenteret i Norheimsund.  
Deretter blir det servert lunsj.

Turen vil koste kr 3500.  
Busstransport, hotell og alle  
måltid er med i prisen.  
Program for turen ved henvendelse.  
Neptun Seniorklubb, gjer merksam  
på at det må være minst 30  
deltakarar for at turen skal  
gjennomførast



Påmelding til Håkon Sætre, telefon 90 07 69 63, innen 18. april



## Bygdetreff

22.februar var det nabotreff igjen.  
Også denne gongen var det over  
60 som hadde møtt fram.

Bygdemannen, geolog Håkon  
Austrheim, var spesielt invitert og  
fortalde om ulike steinsortar i  
Austrheim og i Alver-bygda.  
Han fortalde mellom anna at det var to  
hovudtypar av stein i Austrheim. Han  
viste mange bilete han hadde tatt både  
hjá seg sjølv og av Solund- og  
Byrkneskonglomeratet. Interessant å  
høyra på. Elles var det song og  
musikk av Jan Foss og Rune.  
Me kosa oss med snittar og kaffi.

**29. mars er neste nabotreff.**



**Kan du hjelpe eit barn eller ein  
ungdom som har det vanskeleg?  
No er det behov for fleire  
fosterheimar i ditt nærrområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med  
Fosterheimstenesta i Bergen  
om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

[fosterheim.no](http://fosterheim.no)



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



# Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



## KILSTRAUMEN

BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

### KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel  
Tlf: 40 90 02 16  
Sætre marka 2 -k-hus  
Tysdag ,Torsdag og Fredag

### DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson  
Tlf: 96 62 66 56  
Sætre marka 2 -K-Hus  
Tysdag , Onsdag og Torsdag

# VATNE

begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)

Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø

[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

## GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Frivilligsentralen arrangerte aktiviteter for ukrainske flyktingar i vinterferien blant anna med tur rundt Vardetangen og grilling i Årvika. Mange frivillige var med,xc og vi hadde en fantastisk dag.



**Mastrevik torg**  
Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar  
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr

**Du beholder garantien ved service hos oss**

**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

